

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Dato: 20.12.2021

Vår ref.: 21/11923
Deres ref.:

Saksbehandler: Liv Silje Borg

Høyringsfråsegn frå OsloMet – Storbyuniversitetet - Høyring Forskrift om opptak til høgare utdanning for opptaksåret 2022-2023 – spesielle opptakskrav til lærarutdanning

OsloMet-storbyuniversitetet (OsloMet) viser til brev frå Kunnskapsdepartementet (KD) 18. november 2021, med forslag om endringar i forskrift om opptak til høgare utdanning. Kommenterar til forslaget om endring i spesielle opptakskrav til lærarutdanning følger nedanfor.

OsloMet støttar Regjeringas vurdering om at det er behov for breiare rekruttering til lærarutdanninga og at opptakskrava ikkje skal stenge godt kvalifiserte søkjarar ute frå lærarutdanninga. OsloMet stillar seg bak forslaget om å innføre eit alternativt opptakskrav med høgare skulepoeng for dei med karakteren 3 i gjennomsnitt i matematikk for opptaksåret 2022/2023. OsloMet stillar seg òg bak kravet om karakteren 4 i matematikk for studentar som vel matematikk i den femårige lærarutdanninga i praktiske og estetiske fag.

OsloMet er skeptiske til forslaget om å opne for intervju som opptakskrav. OsloMet meiner det blir krevjande, av ressurs hensyn, å gjennomføre intervju som opptakskrav på lærarutdanninga.

Det klare utgangspunktet må være at det er lærestadane som har ansvaret for at uteksaminerte lærarar har den naudsynte kompetansen og kunnskapen for å utøve deira profesjon. Studentar som anten ikkje har nok kompetanse eller ikkje er skikka til å utøve yrket, skal ikkje uteksamineras. Naudsynt kompetanse skal ervervast i løpet av utdanninga, og treng derfor ikkje krevjast i forkant av opptak. Det er bare kompetanse som er naudsynt for å gjennomføre utdanninga som bør krevjast som spesielt opptakskrav. I lys av dette meiner OsloMet det er grunn til å sjå nærare på opptakskrava til lærarutdanninga, og å kartlegge kva som faktisk er naudsynt kompetanse for å gjennomføre lærarutdanninga på ein god måte.

Eit anna relevant moment er at det foreslåtte opptakskravet er meir komplekst. Det blir meir krevjande å formidle både til søkjarar og omverda, og det blir meir komplisert å forstå for søkjarar. Viss nokre lærestadar innfører intervju, og andre ikkje, til same utdanning, stig kompleksiteten ytterlegare. Dette vil og være i strid med normen innanfor det samordna opptaket; at like utdanningar har like opptakskrav.

Postadresse
PB 4. St. Olavs plass, 0130 OSLO

Telefon
67 23 50 00

OsloMet ønsker økt rekruttering til lærarutdanninga, og ønsker både godt kvalifiserte og motiverte søkjarar. OsloMet meiner at læraryrket treng positiv omtale frå relevante aktørar, både på politisk nivå, lærarorganisasjonar, lærestadar og lærarar sjølv for å bygge eit positivt omdømme.

Med hilsen

Nina Waaler
Fungerande rektor

Silje Bringsrud Fekjær
Fungerande prorektor for utdanning

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ingen handskrivne signaturar.

Kopi til

Direktoratet for høgere utdanning og kompetanse